

Planstrategi for Meland kommune 2016-2020



31.08.16

Innholdsfortegnelse

1	Bakgrunn.....	3
2	Mål og verdiar	3
3	Strategiar for utvikling	4
4	Utfordringar og utviklingsretning	4
4.1	Folketalsutvikling.....	4
4.2	Bustadpolitikk	5
4.3	Folkehelse og livskvalitet	6
4.4	Skule og barnehage	6
4.5	Helse og omsorg.....	7
4.6	Kultur og idrett	7
4.7	Meland kommune som tenesteleverandør	8
4.8	Verdiskaping og næringsutvikling	8
4.9	Arealdisponeringar og infrastruktur	9
4.10	Å byggje ein ny kommune	11
5	Prioritering av planoppgåver i perioden	12
5.1	Gjeldane kommunale planer.....	13

1 Bakgrunn




I medhald av plan- og bygningslova av 2008 § 10-1 skal kommunestyret minst ein gang i valperioden, utarbeide og vedta ein communal planstrategi. Formålet er å vurdere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for ønskt utvikling.

Intensjonen med planstrategi er å styrke den politiske styringa med kva planer som skal prioriterast. Som grunnlag for planstrategien er det utarbeida eit utfordringsnotat.

2 Mål og verdiar

Kommuneplanen sin samfunnssdel 2014 – 2025 er basert på kommunen sin visjon om at Meland kommune skal vere «Eit samfunn for alle.» Vi skal strekkje oss etter å vere ein kommune der innbyggjarane kjenner seg trygge, tek ansvar for eiga helse og er medspelarar i arbeidet med å utvikle eit godt lokalsamfunn



Verdiar:


- Livskvalitet i Meland
- Berekraft i Meland
- Næringsvekst
- Aktiv i Meland

Overordna mål:

- Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet
- Vi skal ha ei berekraftig utvikling
- Vi skal vere ein av dei meste attraktive næringskommunane i Hordaland
- Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer

3 Strategiar for utvikling

Utviklinga i tiåret som kjem: Vi blir rikare, snittalderen på befolkninga aukar og innvandrarandelen aukar med vekt på europeisk innvandring, viktige stikkord er:



Når vi planlegg for god samfunnsutvikling er alderssamsetninga i kommunen eit sentralt element. Ut frå alderssamsetninga kan vi prioritere ressursar på dei områda der det ser ut til å bli størst vekst. Det er også ein peikepinn på kvar vi bør gjere tiltak for å vere førebudd på framtidige utfordringar. Demografien viser at Meland er ein vekstcommune med ei ung befolkning.

Kommunen legg premissane for utviklinga av lokalsamfunnet og kan slik påverke barn og unge sin oppvekst. Dette betyr at vi må arbeide målretta med tiltak for barn og unge for å få ei god utvikling. Vi må også arbeide med folkehelse og førebygging for å skape eit godt samfunn for alle. For å jamne ut helseskilnader treng ein nødvendigvis ikkje nye tiltak eller planer, men vurdere fordelingseffekten av det som alt er gjort. Kan innsatsa slå ulikt ut over ulike grupper? Er det økonomiske, fysiske eller sosiale barriere som gjer at alle ikkje kan gjere seg nytte av tilbodet eller tenesta?

I kommunen sitt arbeid som tenesteleverandør melder tenesteområda at det individretta arbeidet tek tida i kvardagen. Det langsigktige arbeidet på systemnivå, som helsefremmende tiltak og førebygging, vert nedprioriter. Resultatet er kostbare «reparasjonar» der det hadde vore rimelegare å førebygge. Korleis skal vi planlegge og skape rom for systemarbeid innan tenesteområda?

Planstrategien skal omhandle kva planer som skal utarbeidast for å møte utfordringar. Vi må arbeide for å etablere gode sosiale møteplassar, slik at alle ulike grupper har eit fritidstilbod. Arena for å drive med uorganisert aktivitet er og med på å førebygge sosial ulikskap.


Dette heng igjen saman med folkehelse og kva levekår innbyggjarane vil få. Kva planer og strategiar treng vi for å stille krav om utforming av bummiljø som gjev gode oppvekstvilkår? Korleis skal vi få til å byggje det gode naboskapet, som inkluderer og inviterer? Gjennom planlegging kan ein samordna sektorar og forvaltningsnivå og i fellesskap prioritera utfordringar som krev felles innsats.

4 Utfordringar og utviklingsretning

4.1 Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga er avhengig av ei rekke forhold, nokre som kommunen sjølv har styring med, men og forhold som ligg utanfor kommunen sin kontroll. Ein viktig føresetnad for vekst er at kommunen kan tilby gode og attraktive bustadområde, og at det er tilgang på arbeid. Andre faktorar er fødselsoverskot og innvandring, då særleg arbeidsinnvandring.


Meland er ein vekstkommune med innbyggjarar per.7945. 01.01.16. I snitt har folketalet i Meland auka med 126 personer i året. Frå 1990 til 2016 har folkemengda auka med 60 % frå 4534 innbyggjarar til 7945 per.01.07.16 . Den årlege veksten er i snitt 2,12 % frå 1990.



Folketalsutviklinga 2017-2025- middels vekst

Ung befolkning i Meland

Meland har ei relativt ung befolkning. Samanlikna med snittet i Hordaland er ein høgare del av befolkninga i gruppa 6-15 år, og ein lågare del av befolkninga i gruppa 67-79 år og eldre over 80 år.



Kakediagram over samansettninga av befolkninga per.01.01. 2016

Kakediagrammet over viser at i gruppa 0-15 år er det 1899 barn i 2016. Gruppa over 67 år på 826 personer, er framtida sine eldre.

Demografiske framskrivingar syner at Meland kommune kjem til å få befolkningsvekst innan gruppa eldre. Denne vil auke fram mot år 2025. Prognosene for eldre over 80 år viser at det vil vere 361 fleire i denne gruppa i 2025 enn i dag.

I denne gruppa må vi rekne med at det er fleire som treng rehabilitering, og det vil vere fleire med demenssjukdom.

4.2 Bustadpolitikk

IMeland skal det vere godt å bu i alle livssituasjonar. Vi skal ha attraktive og varierte bumiljø.

Familiestrukturen er i endring. Fleire bur aleine, familiane er mindre, og det er fleire familiar med ein voksen og eitt barn. I arbeidet med å gjere kommunen attraktiv, er det viktig å vektlegge desse forholda i planlegginga av våre bumiljø. Vi må i eit klimaperspektiv bygge tett og nært kollektivtransport, for å redusere bilbruk. Dei private og offentlege uteromma som utgjer nabolaga mellom heimane, er viktig i eit oppvekst-, identitets- og folkehelseperspektiv.

Kommunen har få tilrettelagte bustader for dei som ikkje klarer å skaffe bustader på den opne marknaden. Vi må også legge til rette for sentralt plasserte husvere for ungdom og menneske med særskilt behov. Kommunen treng ein strategi som seier noko om utbyggingsbehov for ulike grupper. I eit bustad- og bumiljøperspektiv er det viktig å sjå denne type bustader som ein del av ein heilskap. Bustadmelding 2016 vil gje tilrådingar for omfang og forvaltning av den kommunale bustadmassen. Den generelle bustadpolitikken må ivaretakast gjennom reguleringsplanar, med utgangspunkt i kommuneplanen sin. Kommunale

områdereguleringsplanar er gode verktøy for å sikre ønskt utvikling, som kan realiserast gjennom private detaljreguleringsplanar.


4.3 Folkehelse og livskvalitet

Vi skal medverke til og oppleve god livskvalitet. Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer.

Folkehelse er eit overgripande perspektiv i kommunen sitt arbeid. Vi skal tenke folkehelse i alt vi gjer. Kommunane legg premissane for utviklinga av lokalsamfunnet, og kan på den måten stimulere til utvikling av god folkehelse og motarbeide sosial ulikskap.



Vestbygd skule Foto: Ane Bysheim



Folkehelseprofil Meland

Gode vaner vert lagt tidlig og det er særleg viktig at vi legg til rette for gode og likeverdige oppvekstvilkår for barna. Det er mange faktorar som skaper gode oppvekstmiljø og ulike tenesteområde retter arbeidet mot barn og unge. For å nytte ressursane godt og få gode løysningar, må ein arbeide på tvers av fagområde. Frivillig sektor må vere ein sentral medspelar.

4.4 Skule og barnehage

I 2017 vil det vere 1198 born i skulealder. Dei vil trenge fritidstilbod, kollektivløysingar, gode skular og eit godt helsetilbod. Får vi til ein god politikk som tek på alvor denne store gruppa, er dette ein ressurs for kommunen. Det er her grunnlaget vert lagt for vidare utvikling.

I Meland er det 605 barnehagebarn fordelt på 8 private og 1 communal barnehage, geografisk spreidd i heile kommunen. Barnehagane er store bedrifter i Meland kommune. Strategiane for de ulike satsingsområda i kvalitetsplanen for barnehagesektoren vert brukt i det dagelege arbeidet.

Busetnadsprognosane viser at Sagstad skule, Grasdal skule og Meland ungdomsskule vil få vekst, medan Vestbygd skule og Rossland skule ser ut til å få relativt stabile elevtal. Bygningsmassen varierer mykje i alder og standard.



Første skuledag, Foto: Ane Bysheim

Skulen og barnehagen er ein arena for å gje born gode oppvekstvilkår. Systematisk arbeid for redusere mobbing er viktig. Det er eit

målretta arbeid for å auke lese og skriveferdighetene i skulane. Skulane og barnehagane har ei satsing på realfag.

Utdanningsnivået er lågare i Meland enn i Bergen og i landet elles. Det skuldast mellomanna at det har vore relativt lett å få godt betalt arbeid utan ei lang utdanning.

Analyse- og planbehov:

- Strategiar mot mobbing – revidere og aktualisere skulane sine handlingsplaner mot mobbing (Zero Handlingsplan) og fokus på internkontroll knytt til elevane sitt læringsmiljø
- Satsing og strategi for felles leseopplæring for alle skulane (felles leseplan), for å følgje opp og få betre resultat på nasjonale prøver
- Strategi for å bli ein realfagskommune – eit samarbeid mellom skulane og barnehagane i Meland
- Regulering og prosjektering av ny kommunal barnehage
- Analyse for etablering av ny ungdomsskule i Frekhaugområdet

i neste fase. Det er også viktig å bistå foreldre og stryke foreldrerolla. Det er svært gode erfaringar med foreldrerettleatingsprogram.

Analyse- og planbehov:

- Strategi for å setje inn meir ressursar på systemnivå enn på individnivå og arbeide meir systematisk på tvers av fagområde innan helsefeltet

Helse og omsorg over 67 år

Eldre er ikkje ei einsarta gruppe, dei fleste greier seg sjølv, men dei som treng hjelp vil ha eit meir samansett sjukdomsforløp enn i dag. Det vert kravd spisskompetanse for å møte utfordringane.

Det er ei stor utvikling innan omsorg og velferdsteknologien. Korleis vil dette gripe inn i kommunekvarden og korleis skal vi planleggje for å nytte denne teknologien på ein god måte? Gruppa med demens aukar, ein stor del av dei bur heime. Kvardsrehabilitering er eit arbeid som må systematiserast enda betre.

Analyse- og planbehov:

- Smittevernplan
- Plan for tilbod til heimebuande demente
- Strategi for å ta i bruk velferdsteknologi på ein systematisk måte

4.5 Helse og omsorg

Samhandlingsreforma legg opp til at ein i kommunane skal bruke meir ressursar på å førebygge sjukdommar i staden for å reparere. Det førebyggande helsearbeidet vil bli ei utfordring for Meland kommune i dei nærmaste åra. Kommunen må ha fokus på tilrettelegging for aktivitet for både eldre og yngre.

Barn og unge

Det er eit auka behov for helseopplysning, undervisning og meir tilgjengelig lågterskel helsetilbod i både barne- og ungdomskulen.

Det er ei veksande gruppe personer som har diagnosar innan depresjon og angst. Arbeidet med psykisk helse er utfordrande. Det er behov for å setje inn tiltak på tidleg oppfølging og identifisering, slik vil samfunnet spare utgifter

4.6 Kultur og idrett

Det er stadig større press på areal i sentrale områder og det må balanserast mot eit aukande behov for tilrettelegging og sikring av innbyggjarane sine høve til å drive med aktivitet i kvarden. Som innbyggjar i Meland skal ein ha høve til å kunne vere aktiv kvar dag. Kulturlivet er svært viktig for inkludering og integrering.



På padletur. Foto: Ane Bysheim

Frekhaug treng ein sosial og kulturell møteplass.

Analyse- og planbehov:

- Bibliotekplan
- Det skal etablerast ein ungdomsklubb i perioden
Det skal gjerast ei analyse av korleis Holsnøy meieri kan etablerast som ny kulturarena

4.7 Meland kommune som tenesteleverandør

Meland kommune som tenesteleverandør skal arbeide for å leggje til rette for ein effektiv tenesteproduksjon innanfor dei viktigaste velferdsoppgåvene. Det er ei målsetjing å leggje vekt på utviklings - og kvalitetsarbeid innan dei ulike tenestene. Det er viktig at kommunen er tydeleg på kva innbyggjarane har rett til når det gjeld standarden på dei kommunale tenestene.

Born i leik.

Foto: Ane Bysheim



Det vert arbeida med Kommuneforlaget (KF) sitt system for kvalitetsstyring i tenesteområda. Arbeidsgjeverstrategien «Skodd for framtida» (2014-2018) er styringsdokumentet for god organisasjonsutvikling.

Analyse- og planbehov:

- KF kvalitetssikring for tenesteområda
- Strategisk kompetanseutviklingsplan m/årlege tiltaksplaner

4.8 Verdiskaping og næringsutvikling

Meland skal vere ein av dei mest attraktive næringskommunane i Hordaland

Kommunen legg premiss for vekst og utvikling i næringslivet ved å leve tenester av høg kvalitet, sikre effektiv planlegging og forvaltning og ved å vere ein marknad for mange verksemder.

Skal Nordhordlandsregionen vere konkurransedyktig er vi avhengig av å satse på forsking, innovasjon, nyskaping og entreprenørskap.

Sekundærnæringa er den største næringa i Nordhordland. Denne kategorien omfattar industri (særleg oljerelatert), bergverk, kraft- og vassforsyning og bygge- og anleggsvirksemder. Det er også ei rekke små og mellomstore verksemder som ikkje er knytt til aktiviteten i oljenæringa.

Sysselsetting

Eit oljerelatert næringsliv har dei siste åra gitt høg sysselsetting, mangel på arbeidskraft og stor arbeidsinnvandring til Nordhordland. No er vi inne i ein periode med svingane oljeprisar og lågare aktivitet i oljesektoren. Dette har auka behovet for å utvikla nye arbeidsplassar i andre næringar og bransjar. Arbeidsløysa har

ikkje auka markant i 2015. I Meland er det litt fleire unge som er arbeidsledige. Unge som slutter på skulen og ikkje melder seg på NAV fell utanfor statistikken som kan vere ei utfordring i høve til utanforskarp.

Nordhordland skal vere ein region der kommunane legg til rette for eit sterkt næringsliv og attraktive buminiljø. Kommunen tek del i det nasjonale Byregionprogrammet (ByR) i lag med m.a. Lindås kommune. Behovet for omstilling på grunn av endringar i oljesektoren kjem i tillegg til behovet for å følgje med på den teknologiske utviklinga.

Vi treng ein samanstilling av ledige næringsareal i regionen og analyse av kva type næring som høver. Næringslivet treng fleksibilitet og rimelege løysningar, t.d. klynge i grundermiljø eller etablering av rimelege/mellombelse kontorfellesskap i dei ulike næringsarealet.

Landbruket i Meland er aktivt, og det er vekst av bruk i drift. Kommunen bidrar med rettleiing, nettverks - og kompetansebygging. I arealdisponering må ein ta omsyn til dyrka mark.

Analyse- og planbehov:

- Legge strategiar for å utnytte kompetansen i oljesektoren på andre arbeidsområde
- Samanstilling av ledige næringsareal i regionen og analyse av kva type næring det er tilrettelagt for
- Revidere arealdelen til kommuneplanen når det gjeld havbruksrelaterte næringar

4.9 Arealdisponeringar og infrastruktur

Meland skal ha ein effektiv, trygg og miljøvenleg infrastruktur. Frekhaug skal styrkast som attraktivt kommunesenter og Vikebø/Rossland som områdesenter. I Meland skal det vere godt å bu i alle livssituasjonar.

Aksen Frekhaug – Flatøy – Knarvik er under utvikling . Vikebø/Rossland skal styrkast som områdesenter. Arbeidet med områdeplanen for Rylandshøgda er starta.

Arbeidet med områdeplanen for Midtmarka på Flatøy pågår, i samsvar med overordna føringer.



Illustrasjon over utviklingsaksen Frekhaug- Flatøy-Knarvik

Neste steg er ei analyse for ei heilskapleg utvikling av strekninga Frekhaug – Langeland – Fosse/Flatøy. For å få oversikt over utviklingspotensialet på eit overordna nivå. På dette grunnlag kan vi ta gode avgjersler for vidare utvikling av området. I perioden bør det same analysearbeidet starta for den sørlege delen av Flatøy.

Kommunikasjon

Det skal vere lett å velje kollektive reiseformer mot Bergen og Knarvik. Kollektivtilbod og utbyggingsmønster må sjåast i samanheng. Vi må arbeide for å få til eit enda betre skyssbåttilbod. Det eit mål å stimulere til meir gange og sykkelbruk.

I høve til tiltak på fylkesvegnettet i Meland er prioriteringane i Nordhordlandspakken vesentlege. Her trengst det ressursar for å følgje opp planarbeidet til Statens Vegvesen. Dette er prioriteringane i Nordhordlandspakken i Meland kommune:

- Fv. 245 Fosse –Moldekleiv, vegutbetring inkl.gang og sykkelveg
- Fv. 564 Fløksand – Vikebø
- Fv. 564 Sandskaret – Holme
- FV. 564 Frekhaugkrysset
- Innfartsparkering og kollektivterminal Flatøy

Statens Vegvesen har starta arbeidet med kommunedelplan for E39 gjennom Lindås, med start på Flatøy. Kommunen må delta i planarbeidet av omsyn til koordineringa av utviklinga elles på Flatøy. Kommunen er pålagt å sette i verk tiltak for å hindre ureining av lokale vassdrag frå avlaup og andre kjelder, gjennom vassdirektiv frå EU. I kommuneplanen er det sett opp planoppgåver knytt til kyststi, senterutvikling og klimaplanen.



Analyse- og planbehov:

- Kartlegge strekningars som treng utbetring i høve gang- og sykkelvegar
- Sykkelstrategi
- Overordna analyse for planstyrt utvikling av området Frekhaug – Langeland – Fosse/Flatøy
- Områdereguleringsplan Langeland – Fosse
- Temoplan for kommunale vegar (standard mm)
- Senterutvikling Frekhaug
- Tilrettelegging for kyststi
- Konkretisere tiltak i klimaplanen, med særleg fokus på klimavenlege bygg
- Planlegge miljøtiltak i tråd med krava i EU sitt Vassdirektiv
- Lokal forskrift om utslepp (avlaup)

4.10 Å byggje ein ny kommune



Sommarstup, Foto: Ane Bysheim

Meland har i kommunetyremøte 22 juni 2016 vedteke å byggje ein ny kommune saman med Lindås og Radøy. I denne perioden vert dette arbeidet sentralt, samstundes skal vi i ein 4 års periode drive Meland kommune vidare på ein god måte. Kommunen har alt å vinne på god dialog med innbyggjarane. Utvikling av tilgjengelige og oversiktlege nettsider, auka bruk av sosia media og andre digitale plattformer gjev høve til medverknad og tovegskommunikasjon. Når Radøy, Meland og Lindås har blitt einige om å byggje ein ny kommune er god kommunikasjon avgjerande for å få til gode prosesser. Arbeidet med

kommunikasjonsstrategi vil såleis vere todelt, mot informasjonsbehov i Meland og mot arbeidet med å byggje den nye kommunen

Rett kompetanse er grunnlaget for eit godt tenestetilbod i den nye kommunen. Det skal vera eit satsingsområde å skaffa, utvikla og halda på dyktige og kvalifiserte fagpersonar. For å lukkast må vi ha ein kompetanseplan om rekryttering, organisering og fagutvikling.

Det er fleire planoppgåver som må utarbeidast felles i denne perioden. I intensjonsavalen er nokre tema peika særskilt på; næring, klima og landbruk

Analyse- og planbehov nye Nordhordland kommune

- Ein felles kommunikasjonsstrategi med målretta satsing på ekstern og intern informasjon
- Kompetanseplan om rekryttering, organisering og fagutvikling i den nye Nordhordlandscommunen
- Klima- og miljøplan for den nye kommunen, med særskilt fokus på alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og å førebyggja klimaendringar gjennom lokal handling
- Landbruks- og akvakulturplan for den nye kommunen

5 Prioritering av planoppgåver i perioden

Overordna planar	Oppstart	Ferdig
Kommuneplan Samfunnssdelen	Vidareførast, med årleg gjennomgang av mål og strategiar ved økonomiplanrullering	
Økonomiplan	Rullerast årleg	
Kommuneplan, arealdelen	Rullere på tema havbruksrelaterte næringar, som akvakultur og oppdrett.	
Områdeplaner		
Langelandskogen	Starte	Haust 2019
Områdeplan for sørlege delen av Flatøy.	Starte	
Områdeplan Rylandshøgda	Under arbeid	Haust 2017
Områdeplan Midtmarka og Rotemyra	Under arbeid	Vår 2018
Reguleringsplaner for barnehage og ungdomsskule	Starte	Haust 2019
Tiltak i Nordhordlandspakken Kommunedelplan for E-39 Eikanger-Flatøy; den delen som går over Flatøy	Under arbeid Delta i planarbeidet som Statens Vegvesen har ansvar for	Vår 2020
Tiltak i Nordhordlandspakken Innfartsparkering på Flatøy	Under arbeid Delta i planarbeidet som Statens Vegvesen har ansvar for	Vår 2017
Temaplaner		
Temoplan barn og unge	Starte	Haust 2017
Temoplan kommunale vegar	Starte	Vår 2019
Temoplan helse og omsorg	Under arbeid	Haust 2016
Smittevernplan	Revidere	Vår 2017
Kulturminnevernplan	Under arbeid	Vår 2017
Klimaplan	Revidere, med fokus på klimavenlege kommunale bygg anlegg	
Plan for tilbod til heimebuande demente	Starte	Vår 2020
Trafikksikringsplan	Under arbeid	Vår 2017
Temoplan for idrett, folkehelse og friluftsliv	Mindre revidering med tema tilrettelegging av rasteplatser og parkering i samband turområder	
Bustadmelding	Under arbeid	Haust 2016
Strategidokumenter		
Analysearbeid Frekhaug – Langeland – Fosse	Starte	Vår 2017
Næringsstrategi (medrekna	Starte	Vår 2017

senterutvikling)		
Sykkelstrategi	Starte	Vår 2019
Kommunikasjonsstrategi for Meland kommune	Starte	
Realfagskommunestrategi for barnehagane og skulane	Starte	Vår 2017
Strategi for bruk av velferdsteknologi	Starte	
Strategi for implementering av ny rammeplan for barnehagen og nytt læreplanverk for grunnskulen	Starte	
Analyse over korleis gamle Holsnøy meieri kan etablerast som ny kulturarrena	Starte	Vår 2017
Strategi for kompetanseutvikling i Meland kommune	Starte	Vår 2017

5.1 Gjeldane kommunale planer

Arkivplan

Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019

Barnehageplan 2016-2020

Informasjonsplan

Klima- og energiplan 2010

Kommuneplan 2015-2027

Mål og strategiplan 2016-2019 (vedteken KS 35/16 av 20.04.16)

Smittevernplan, revidert 2011

Temoplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019

Tiltaksplan vassforsyning avlaup og vassmiljø 2015-2019 - Tiltaksplan - kartvedlegg

Trafikksikringsplan 2012-2016

Vedlikeholdsplan kommunale bygg 2016-2019

Økonomiplan 2016-2019 (vedteken KS- 17.06.15)

16/9687 Barnehageplan (kvalitetsdel) 2016-2020

Barnehageplan (kapasitetdel) 2015-2020

